

KYRKJELYDSBLAD FOR ETNEDAL



# KYRKJE-VARDEN

Nr. 3

Haust 2024

56 . årgang



God  
hausttid!



# DEN NORSKE KYRKJA

## KYRKJELEGE TILSETTE I ETNEDAL:



**KYRKJEVERJE**  
 Marie Bjørnødegård  
 Tlf. 61 12 13 20/955 28 013  
 E-post: mb836@kyrkja.no  
 Kontortid: Tysdag, onsdag, torsdag og fredag 09 - 15



**SOKNEPREST**  
 Marit Slettum  
 Tlf. 913 93 314  
 E-post: ms638@kyrkja.no



**ORGANIST**  
 Sergio Okstad  
 Tlf. 90 21 29 45  
 E-post: sb742@kyrkja.no



**TRUSOPPLÆRINGSMEDARBEIDAR**  
 Helena Wright  
 Tlf. 951 78 041  
 E-post: hw337@kyrkja.no



**DIAKON**  
 Solgunn Vårlid Stensæter  
 Tlf. 948 65 195  
 E-post: ss223@kyrkja.no  
 Kontortid: Tysdag 09-15



**KYRKJETENAR**  
 Nils Kjell Nilsen  
 Tlf. 918 22 336  
 E-post: mn934@kyrkja.no



**KONTORSEKRETÆR**  
 Laila Sveen  
 Tlf. : 611 21 320/ 955 28 013  
 E-post: ls456@kyrkja.no  
 Kontortid: Tysdag og torsdag kl. 09-15

## KYRKJEKONTORET

Postadr.: Etnedal kyrkjelege fellesråd,  
 Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal  
 Besøksadr.: Kyrkjevegen 22, 2890 Etnedal  
 Tlf.: 61 12 13 00  
 E-post: post.etnedal@kyrkja.no

## DEI KYRKJELEGE RÅDA I ETNEDAL:



**BRUFLAT SOKNERÅD**  
 Aage Kleven, leiar  
 Tlf.: 957 97 299  
 E-post: aagekleven@gmail.com



**N. ETNEDAL SOKNERÅD**  
 Turid Hagaseth Byfuglien, leiar  
 Tlf.: 995 18 337  
 E-post: byfugtur@gmail.com



**ETNEDAL KYRKJELEGE FELLESRÅD**  
 Thor Olav Hjelleset, leiar  
 Tlf.: 950 43 969  
 E-post: hjelleset@gmail.com

## KYRKJEVARDEN

Kyrkjelydsblad for Etnedal  
 Utgjevar: Sokneråda i Etnedal  
 Redaktør: Marit Slettum  
 Fast medarb.: Ingun Kompen,  
 Wenche Hillestad Møller, Solfrid Skogstad  
 og Syver Øistuen

**Ekspedisjon:**  
 Kyrkjekontoret, 2890 Etnedal

**Bladpengar:**  
 Kr. 250,- eller meir for året  
 Til adresse utanom Etnedal: kr. 300,-  
 Bankgiro: 2140.07.03822

Prenta i Land Trykkeri as, Dokka

# Oppslagstavla

## Bibelordet:



*«Berre hos Gud er mitt indre stilt,  
frå han kjem mi frelse.  
Berre han er mitt berg og mi frelse  
og mitt vern, eg skal ikkje vakla.»  
Salme 62, 2-3*

## Bruflat menighetshus 26. oktober kl 13

Haustbasar til inntekt for huset

- \* Gjenbruksmusikken syng og spelar.
- \* Andakt ved Solgunn Vårlid Stensaeter
- \* Sal av risgraut og pølser.
- Gratis kaffe og kaker.
- \* Stor utloddning
- \* Mange fine gevinstar.

HJARTELEG VEL MØTT!  
Hus-styret



Forsidefoto: Solveig Fiske

## 13. oktober kl. 11.00 Storfamiliegudsteneste i Bruflat kyrkje

Konfirmantpresentasjon. «Mannskapet» (sang-gruppe frå Lillehammer og Øyer) Solveig Grandhagen og Anne Marit Høsteland. Servering.

Solveig og Anne Marit med Martin, har stor erfaring med forkynning til menneske i alle aldersgrupper.



## 27. oktober kl. 11.00 i Bruflat kyrkje Familiegudsteneste


Utdeling av 2- og 4- årsbøker  
Musikk, skattekjakt og servering

## TV – aksjonen 20. oktober

Les meir s. 11



## Lyskapellet på Beitostølen




**Lyskapellet, frå utsida**  
Foto: Synnøve Dahl Wiseth

Lyskapellet, som vart vigsla av biskop Rosemarie Kohn i 31. oktober, er blitt ei lyssøyle for mange menneske.

Tanken om eit kapell på Beitostølen, kom frå grunnleggaren av helseportsenteret Erling Stordahl og kona hans Anna. Dei hadde begge arbeidd med dette prosjektet ei tid før dei døydde, og det var også nedfelt i testamentet deira at midlane etter dei skulle gå til bygging av eit kapell på Beitostølen.

Sjølv fekk dei ikkje sjå det realisert, men takka vere mange gode krefter, kom byggeprosessen i gang. Det er ganske spesielt at inga arkitekt vart hyra inn. Styret i Stiftelsen «Anna og Erling Stordahls minne», vende seg til Kirsten og Erik Rostbøll, som sjølv hadde bygd eit kapell «Noahs ark» ved heimen sin på Kvitsyn i Røn.

Oppdraget dei fekk var å nedfelle noko av same visjonen, som dei hadde bore på, pluss finne fram til kunstnarar, som kunne vere med å verkeleggjere oppdraget.



**Innsyn i Lyskapellet**  
Foto: Synnøve Dahl Wiseth

Det var eit særskilt godt val. Kirsten Rostbøll fekk nye visjonar for lyskapellet. Form, retning mot Jerusalem, glaskunst, stjerneformasjon med forgylling og dekorasjon. Dette siste vart utført av brørne Sigmund og Kjell Arne Årseth frå Ø. Slidre.

Ferdinand Finne tok oppdraget med å teikne skissene til glasmåleriet utfrå Kirsten sin visjon. Ho tok med seg skissene til Tyskland og glaskunstnaren Harald Stephan, og saman omsette dei Finne sine teikningar til det kunstverket som ber fronten på kapellet.

Laftemeister Herbert Mollenhauer, saman med snekkar Kjell Arne Båtevik, bygde så opp Lyskapellet.

Lyskapellet blir primært brukt til stille meditasjon og gudstenester.

Kvar torsdag kl. 17.30 er det «Gylden time» i Lyskapellet, i regi av kyrkja i Øystre Slidre.

#### **Lyskapellet med djup symbolikk**

Eg har hatt mange fine og gode opplevingar i Lyskapellet, både ved kyrkjelege handlingar eg har forretta der, på «Gylden time» og i stunder for meg sjølv.

Kvar gong eg går inn **gjennom troens dør og håpets bue** i Lyskapellet, ser eg nye ting.

Eg har lånt ord og uttrykk frå Kirsten Rostbøll, som har bore visjonane for dette vakre gudshuset.

Lyset og gullet i kyrkjerommet er eit uttrykk for **Guds nærvær**.

**Kyrkjerommet** er femkanta, - eit symbol for dei fem verdsdelane der evangeliet om Jesus Kristus no er forkjent.

Ei stor forgylt og dekorert **Betlehemsstjerne** kviler over oss.

Ho peiker ikkje åleine mot Betlehem, på det som skjedde for 2000 år sidan. Ho peiker fram mot Gudsrikets kome, det nye Jerusalem, som kjem ned frå himmelen.

Glasmåleriet i fronten er sterke uttrykk for kampen mellom det onde og det gode.

Vengene på dei svarte fuglane heng ned, og rosene har fått skjær av øydelegging.

Dei tolv banda i smijern , under altarbordet er svarte, som gitteret rundt dødsfuglane, vårt eige innestengde univers.

Ved altarbordet blir dødslekkjene sprengt. Gudskraften kastar stengslet av seg og strøymer livgjevande frå livstreet, ut i greinene, i oss.

Dei to hjarta, raude som vinen, er Maria og Jesu sine hjarto.


Maria, Jesu mor, var ein av oss. Ho sa ja til Gudskraften og fekk bere Guds Son under sitt hjarte.

**HeilagAnde-symbolet og Faderauget** heilt øvst i vindauge, fullendar det himmelske univers. I stand til å kjenne Ham i dypet av vår sjel, blir vi drage attende dit vi kom ifrå.

#### **Vindauge lever.**

Lyset i samspel med form, farge og symbolikk, formidlar visdom til hjartet.

Marit prest



**Glasmåleriet og altarbordet**  
**Foto: Marit prest**

## Bruflat kyrkje har også sterke symbol

Sjølve kyrkjebygget ber krossforma. Når vi går fra hovedinngangen og inn i kyrkja, ser vi den krossfeste Jesus Kristus som fokuspunkt på altartavla. Den gamle altartavla, fra 1704 (som heng ved klokarpulten) har same motiv)

Meir omtale om kyrkjene våre, kjem vi attende til i seinare utgåver av Kyrkjevarden.

Marit prest



## Sommaropen kyrkje

Også denne sommaren var Bruflat kyrkje open, fire veker, kvar dag, med unnatak av måndag og siste helga i juli.

Aktive pensjonistar og to konfirmantar, trådde til for å gjere det mogeleg.

Mange er interessert i å sjå den vakre kyrkja vår, og fleire ynskjer seg også litt meir omfattande omvising.

Omvisarar i år var, forutan Tone Steinset, Marion Lundstein, Anne Marie Ødegård, Ingun Kompen, Helena Wright, Solgunn Vårlid Stensæter, Sofie Linnea Tidemandsen-Skåren, Solveig Telnes Skåren og Tord Bjørødegård.



Tone Steinset er mellom dei som har vore fast omvisar i svært mange år. Ho har også vore trufast kyrkjevert og tekstlesar, og levert mange fine og innsiktfulle artiklar til Kyrkjevarden. Her er ho fotografert med info-materiell om kyrkja.

## Forsangarteneste



**Forsangarane.** Kvar fjortande dag, onsdagar kl. 17, har vi andakt på Etnedalsheimen. Ofte er det sangandakt, og seks forsangarar møter trufast opp.

Kristen Nysveen, Ingun Kompen, Anne Marit Stensæter, Solveig Skåren, Torill Stubbene og Gerd Granum.

### Lysengel



Både organist Sergio, Solgunn diakon og underteikna er svært takksame for at dei er med oss i fellesskapet på desse andaktssundene.

## MI SALME

Jeg har valgt denne salmen, fordi den skaper en dyp følelse av samhold og håp, noe som er grunnleggen de både for troen og mellommenneskelige relasjoner.

Jeg vil sende stafettpinnen videre til Oddrun Fredriksen Haug.

Julianna Okstad



### Vær sterk min sjel i denne tid

*Vær sterk, min sjel,  
i denne tid, når du har tungt å bære.  
Hold ut i prøvens stund og lid  
de døgn du går i lære.  
En dag til slutt blir mørket brutt  
av lyset fra Guds fremsikt.*

*Gi håpet rom i denne tid,  
hvor langt du enn er nede.  
Hos dem som taper i sin strid,  
er Herren skjult til stede.  
Ved Kristi verk  
skal du bli sterkt  
og hvile i Guds fremsikt.*

*Se, mørket blir din  
modningstid!  
Hold ut til natten vender!  
Se bort fra angst og indre splid,  
Du er i gode hender!  
Se, du er fri  
og lever i  
Guds løfterike fremsikt.*

Tekst: Svein Ellingsen

## ØNSKEDIKTET

Jeg har valgt diktet "Lev livet" av Per Fugelli fordi det formidler et viktig budskap som treffer godt i dagens samfunn. Vi lever i en tid hvor vi hele tiden streber etter noe bedre, hvor alt skal være perfekt, og hvor vi ofte føler presset til å prestere og leve opp til høye forventninger. I jakten på det perfekte glemmer vi ofte å stoppe opp og verdsette de små øyeblikkene som gir livet mening. Fugelli minner oss på at det ikke handler om å være feilfri, men om å være til stede i livet slik det er – å ta vare på hverdagen, fellesskapet og de menneskene vi har rundt oss.

Jeg vil utfordre Hans Solbrekken Ruud til å velge sitt ønskedikt til neste nr. av Kyrkjeverden.

Gunn Smedsrød



### Lev livet

*Opplev alt du kan  
Ta vare på deg selv og de du er glad i  
Ha det gøy!  
Gå ut å gjøre noen feil,  
for det kommer du til å gjøre uansett  
Nyt deg selv og utnytt alle mulighetene  
til å lære noe på veien  
Ikke prøv å være perfekt  
Vær heller en utmerket versjon  
av deg selv*

Per Fugelli

## Glimt frå sommarens gudstenester - Toppgudsteneste på Espelifjellet 7. juli

Denne sommaren tok kyrkja i Etnedal opp att tradisjonen med toppgudsteneste på Espelifjellet.

Solgunn Vårlid Stensæter leia gudstenesta, og Helena Wright hadde med fela si og sørga for både tonefylgle til salmene og solonummer.

Det regna rundt omkring i «låglandet», men på Espelifjellet var det oppholdsver og god stemning.

Etter gudstenesta var det det matrast og trivelege samtaler.



Solgunn diakon leia gudstenesta



Programmet for dagen



Helena, trusopplærar og musikar, lokka fram fine tonar på fela si.

## 11. august var det tradisjonsrik gudsteneste på Nordre Lenningen seterhus

Sidan 1980 – talet har desse gudstenestesamlingene vore arrangert.



Marit prest og Sergio organist hadde ansvaret for gudstenesta.



Aage Kleven gjekk sigrande ut av heseskotevlinga. Her blir han gratulert av nr. 2



Triveleg bordsete med rummegraut og kaffe etter messa.



Samling ved nattverdbordet

## Ein sommar er over



May Britt Bakken har «fanga» desse sommarfuglane

På stigen til Bjørgovarden har Unni Klevgård take desse utsiktsbileta frå same punkt.



Moltetida er det mange som ser fram til med glede. Elisabet Norling er ein av dei.

Elisabet fekk også fint besök av harepus i hagen sin

## Open dag på Kyrkjekontoret 27. august

Det var triveleg at så mange fann vegen til Kyrkjekontoret tysdag 27. august, då vi hadde stikk innom-dag i våre nye kontorlokale, i Etnedal sparebank-bygget. Heile tida frå kl. 11 til 14, var det fullt rundt bordet vårt, og alle fekk servert kaffe og vaflar, som diakon Solgunn hadde steikt. Helena glede oss også med feleinnslag.



Siste «pulje» som stakk innom. Frå venstre; organist Sergio Okstad, trusopplærar Helena Wright, diakon Solgunn Vårlid Stensæter, Anette Vårlid, (veterinær på Dokka) ordførar Linda Mæhlum Robøle, kyrkjeverje Marie Bjørnødegård, Sigrid Fossum, Grethe N. Bjørnødegård og sekretær Laila Sveen.



Samtaleemna var mange, og vi ynskjer å signalisere at vi alle er opne for besøk også på heilt vanlege kvardagar.

Kyrkjekontoret er opent tysdag til fredag kl. 09-15  
Måndag er stengt

Marit prest



Ordførar Linda Mæhlum Robøle kom med blomar, og gratulerte med nye kontor.



Vaflar vart  
servert

Helena spelte

# TV-aksjonen 2024 til Barnekreftforeningen

Kontaktperson i Etnedal:  
 Kari Skogstad på Frivilligentralen  
 Tlf. 92132438 – post@etnedal.frvilligentral.no

**Årets TV-aksjon går til  
Barnekreftforeningen**  
 Annenhver dag får et barn i Norge kreft, og hver uke blir 10 barn født med hjertefeil. Når et barn blir sykt, rammes hele familien.

Over natten blir hverdagen forvandlet til et kaos av sjokk, fortvilelse og redsel. I livets vondeste periode er det viktigere enn noen gang å få være sammen, men ofte blir familiier splittet i lange perioder.

Årets TV-aksjon går til å etablere familiehus nær universitetssykehusene i Tromsø, Trondheim, Bergen og Oslo. Her kan familiene som har barn med alvorlig sykdom bo sammen i en vond tid.

## Sammen skal vi bidra til at:

- Familiær unngår å bli splittet selv om de bor langt unna sykehuset.
- Alvorlig syke barn får ha hele familien hos seg i behandlingsperioden.
- Foreldrene kan ta vare på alle barna sine, seg selv og hverandre.
- Søsknen blir inkludert, sett og ivaretatt.
- Familiene kan finne ro og få leve et mer normalt hverdagsliv i en vanskelig situasjon.



# Informasjon fra Etnedal kyrkjelege fellesråd

## Utvidelse av kyrkjegarden i Nord-Etnedal

Den nye kyrkjegardsparsellen er nå offisielt åpna. Grunnet mye nedbør, gjenstår noe arbeid, som fullføres våren 2025.



Foto: Marie Bjørnødegård

## Ny gravplassvedtekter i Etnedal:

21. september 2024 trer nye gravplassvedtekter i Etnedal i kraft. Det er viktig at alle som har festegraver på våre kirkegårder setter seg inn i de nye vedtektena. Det vil blir sendt ut til alle festere ved fakturering av festeavgifter. De er kunngjort på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no), [www.kirken.no/etnedal](http://www.kirken.no/etnedal), og ved annonse i Avisa Valdres. Det kan også leses i sin helhet på nett-sidene de er kunngjort.

## Gravminner på kirkegårdene:

Vi minner igjen om at det er viktig at alle som ønsker å flytte på eksisterende gravminner/steiner tar kontakt med kirkekontoret. Ved montering av nytt gravminne (samt etter endring av gravminner) skal kirketjener merke opp hvor det skal stå.

Steinselskapene skal alltid sende søknad om oppsetting av nytt gravminne til Etnedal kyrkjelege fellesråd. Vi godkjenner alle gravminner som følger retning-slinjene i § 21 til §26 i gravferdsforskriften (Forskrift til lov om gravplasser, kremasjon og gravferd).

## Navnet minnelund ved Bruflat kyrkjegard

I april 2024 sendte Etnedal kyrkjelege fellesråd detaljplan for minnelund ved Bruflat kyrkjegard til godkjenning hos Statsforvalteren. Grunnet mange søknader vedr. minnelunder har vi fremdeles ikke mottatt godkjenning fra Statsforvalteren. Vi håper godkjenning kommer innen kort tid slik at vi kan innhente tilbud på arbeidet. Kirkelig fellesråd mener å ha nok finansiering til å gjennomføre prosjektet i 2025.

Den komplette søknaden som er sendt Statsforvalteren kan dere se på: [www.kirken.no/etnedal](http://www.kirken.no/etnedal)



Foto: Marie Bjørnødegård



Fra detaljplan laget av AsPlan Viak v/ Landskapsarkitekt Marianne Laa. Eid av Etnedal kyrkjelege fellesråd.

#### Åpningstider på kirkekontoret:

Kirkekontoret er stengt på mandager, men er åpent for publikumsbetjening tirsdager, onsdager, torsdager og fredager fra kl. 09.00 til kl. 15.00.

Vi er tilgjengelige alle dager kl. 09.00 – kl. 15.00 på telefon og e-post. Ved møter eller annen aktivitet kan dere sende oss en beskjed, så ringer vi tilbake.

Vi oppfordrer alle til å ta kontakt med oss hvis dere har spørsmål, og/eller det er noe vi kan hjelpe dere med.

**Kom innom, ring oss, send oss en e-post eller et brev til Etnedal kyrkjelege fellesråd, Kyrkjevegen 10, 2890 Etnedal. Kontaktinformasjon til alle ansatte finnes på [www.kirken.no/etnedal](http://www.kirken.no/etnedal) og her i Kyrkevarden.**

#### Lenningen seterhus leies ut til lag/ foreninger og privatpersoner i Etnedal kommune

Ta kontakt med kirkekontoret for spørsmål om leie.

#### Utleiepriser:

##### Privatpersoner:

1 dag/ kveld:	kr.	500,-
1 døgn:	kr.	1000,-
Helgeopp hold (fre. - søn.):	kr.	2000,-
Langweekend	kr.	3000,-
1 uke:	kr.	5000,-
<b>Påsken:</b>	kr.	8000,-

##### Lag og foreninger:

1 dag/ kveld:	kr.	500,-
1 døgn:	kr.	1000,-
Helgeopp hold (fre. - søn.):	kr.	3000,-
Langweekend	kr.	4000,-
1 uke:	kr.	6000,-
<b>Påsken:</b>	kr.	9000,-



## Frå lokalhistoria - Tingsteinen ved Bergatrøe på Nyset like ved Frugevegen

Ein dag i sommar var det nokon av oss som fekk lyst til å prøve og finne den såkalla Tingsteinen og Frugevegen. Steinen var grei å finne. Den ligg, som Margit Espeset skreiv i avisas "Valdres" i 1996, på ei lita grasslette like ved Bergatrøe på Nyset, ei gamal setergrend nord for Smiugardsbygde.

No er sletta attvaksen med skog og ville vekstar, og steinen er mosegrodd og prega av "tidens tann". Troppestega som er innhogne er tydelege, men det som skal vera innhogd av teikn/bokstavar er verre å få skikkeleg auge på eller tyde. Eg veit heller ikkje om nokon har funne ut av dette tidlegare. Slike opplysningar har no ikkje eg greidd å finne, og eg har vore i kontakt både med biblioteket vårt, Historielaget og soikt på nettet og sett litt i gamle årbøker for Valdres Historielag. Så langt som eg har greidd å finne ut, har vi berre på trykk det som Margit har skrive om Tingsteinen. Ho slår fast at slike gamle navn "ber i seg sjølv eit vitneprov og er ikkje slengt fram slik utan vidare. Dei følgjer generasjonane og lever vidare inn i framtida". Namnet Tingsteinen og dei innhogne troppestega skulle difor vitne om at det har skjedd viktige hendingar her. Folk har truleg møtt opp her i gamal tid, ja, kan hende så langt tilbake som i vikingtida, og avgjort ulike tvistar og viktige samfunnssaker...



Like forbi steinen går det ein stig. Dette er den sagnomsuste Frugevegen, som har si historie heilt tilbake frå katolsk tid. Opprinneleg kom han ifrå Øystre Slidre, om Skrautvål, Dalen (der Kyrkjesletta ligg) til Etnesenn, Nysetvangen og forbi Tingsteinen. Her var han grei å sjå, men vidare sørover er han mykje attgrodd. Frå Nyset går han om Storstolen, meir kjent som Ås i dag, ovafor Smiugarden, over Stuvelivegen, ovafor Øvre Brenn, om Saubrenne, over Rotvolla i Stakatn og vidare til Frugeset. Herifrå går han om Jomfruslettsetra og inn i Nord-Torpa og vidare til han til slutt endar på flatbygdene på Hedemarken.

Namnet Frugevegen kjem etter sagnet av at ei rik fruge (frue) frå ein storgard ved Mjøsa (truleg Biri) brukte koma denne leia når ho skulle til Øystre Slidre. Her eigde ho visstnok ein del jordegods, så når det var farbart om våren, kom ho ridande med folka sine denne vegen.

Ei anna forklaring er at setra på Frugeset ga namnet til vegen.

I Øystre Slidre har Helselaget og Frivilligsentralen gått saman og funne framatt denne vegen og merka han frå Juvike til Moane. Kanskje noko slikt kunne vera interessant her i Etnedal også?

Margit avslutta artikkelen sin i "Valdres" med desse orda om Tingsteinen: Han er eit syn for augo – og til ettertanke". Ja, ein kan undrast. Kva har gått føre seg her, og kva tyder det som står på han? I Kulturminneplanen for Etnedal er det eit bilet av steinen, men ikkje noko er skrive om han. Er det nokon av dykk, som les dette, som har noko å fortelja om han tru??

Solfrid Skogstad



## To Stipend á kr. 10.000 til etterutdanning for sykepleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidrarar

Etnedal helselag sine stipend har som formål å påskjonne sykepleiarar/vernepleiarar og helsefagarbeidrarar, busett i Etnedal, som i inneverende år er i gang med, eller har fullført etterutdanning innan sitt fagfelt.

Hører du til ei av desse faggruppene, er du velkommen til å søke.

Etnedal Helselag er ein organisasjon tilslutta Nasjonalforeningen for folkehelsen. Våre verdiar er omsorg, solidaritet, trivsel og kunnskap. Samfunnet har behov for fagfolk med god og

relevant kompetanse, og for den einkelte er det av stor betydning å møte gode medmenneske med rett fagkompetanse når man står i vanskelege og sårbare situasjoner.

Søknad til: Etnedal helselag ved leiar Marit Slettum, Slettum.ms@gmail.com 15. oktober 2024



## STOR BASAR

i Samfunnssalen på  
Etnedal skule  
laurdag 16. november  
kl. 13-18

God underhaldning –  
Matsal – gratis kaffe  
og kaker

Åresal  
Loddsal – (er i gang)  
Masse fine gevinstar.

Fylg med,  
meir informasjon kjem!

## Haustprogram Blåflat gard

Vennelaget held fram med sin tradisjonelle laurdagsvaffel:

- 28. september
- 5. oktober
- 19. oktober
- 2. november
- 16. november
- 30. november - Julemarknad

- 27. september - Researchers Night om samfunnsplanlegging
- 28. September - Opning av Kulturdagatn
- 4. Oktober - Blåfredag - open pubkveld
- 25. oktober - Medlemsfest for vennelaget og dognadsfolk
- 1. november - Blåfredag - open pubkveld
- 6. desember - Blåfredag - open pubkveld

Alle arrangement blir publisert på facebook-sidene til  
vennelaget og stiftelsen

Følg med 😊





**Kommune-info**  
Sjå også Etnedal kommunes hjemmeside [www.etnedal.kommune.no](http://www.etnedal.kommune.no), og Etnedal kommunens facebook-side

## Kulturdagatn 2024

Fredag 27. september til sundag 6. oktober

Dag	Tid	Aktivitet	Stad	Arrangør /ansvar
Fredag 27. september	17.45	<b>Tjuvstart: Researcher's night</b> Workshop om framtidas Etnedal	Blåflat gard	Etnedal kommune Høgskolen i Innlandet
Laurdag 28. september	11.00-16.00	<b>Opning av Kulturdagatn med handverksmarknad</b> Sal av suppe, kaffe og vaffel Markens grøde - sal av grønnsaker Kl. 12.00 Offisiell opning ved ordførar og kulturskulen Kl. 13.00 Opning av kunstutstilling ved Etnedal kulturskule Kl. 14.30 Seniordansen på tunet Kl. 15.00 Konsert med Mjøscellistene	Blåflat gard	Etnedal husflidslag Blåflat gards venner Etnedal kommune  Kommentar/kostnad: Mjøscellistene: Andel kommunen 8000, vennelaget 4000.
	13.00	Konsert: Mjøscellistene	Etnedalsheimen	Den kulturelle spas- erstokken/ Etnedal kommune
	13.00-15.00	Open kyrkje med omvisingar	Bruflat kyrkje	Kyrkja i Etnedal
Sundag 29. september	11.00	Gudsteneste	Nord-Etnedal kyrkje	Kyrkja i Etnedal
Måndag 30. september	11.00	Songstund med kaffi og kake	Blåflat gard	Dagsenteret/Etnedal kommune Blåflat gards venner
	13.00	Dans med Etnedal seniordans	Etnedalsheimen	Etnedal seniordans
	13.00	Konsert med kulturskulen	Etnedal skule	Etnedal kulturskule
Tysdag 1. oktober	9.30	Konsert med kulturskulen	Eventyrskogen barnehage	Etnedal kulturskule



	11.00	<b>Livsglede – markering av eldredagen</b> “Glede, glød og galskap” - foredrag v/ allmennlege og forskar Kjetil Høye. Musikk v/ Gunn og Kåre Hagen. Lapskaus og kake. Påmelding til Eli Strand på e-post eli.strand@etnedal.kommune.no /tlf. 41205094 innan 18.9.	Bruflat menighetshus	Etnedal kommune/ eldrerådet og rådet for mennesker med nedsatt funksjonsevne
	17.30	<b>Temakveld om foreningsportalen.no</b> Besøk av Marte Tangen frå Vang frivilligsentral. Erfaringar, informasjon og spørsmål om foreningsportalen.no. Målgruppe: Alle lag og foreiningar og andre interesserte.	Kommunestyresalen	Etnedal frivilligsentral Etnedal kommune
	19.00	<b>Open øving med Bruflat musikkklag</b> Enkel underhaldning og servering, og anledning til å prøve instrument		Bruflat musikkklag
Onsdag 2. oktober		<b>Steinalderdag for 4. og 5. trinn</b> Den kulturelle skulesekken – for elevar ved Etnedal skule	Hellefossen rastepest	Etnedal kommune
Torsdag 3. oktober	9.30	<b>“Elle melle deg fortelle”.</b> Førestilling med Bente Hemsing	Eventyrskogen barnehage	Etnedal kommune/Den kulturelle skulesekken
	13.00	Konsert med kulturskulen – ope for alle	Etnedalsheimen	Etnedal kulturskule
Fredag 4. oktober		<b>Blåfredag</b> Open pubkveld	Blåflat gard	Blåflat gards venner Stiftelsen Blåflat gard
Laurdag 5. oktober	12.00-15.30	<b>Vaffellaurdag på Blåflat gard med utstilling</b> Utstilling av Ola Strande sine arbeider Kl. 15.00 Høgtlesing frå bok om Gubben og katten v/ biblioteksjef Turid Bjørgo	Blåflat gard	Blåflat gards venner Etnedal kommune
	16.00	<b>Gubben og katten og hanespetakelet</b> Teater for barn med Askeladden friteater	Skogtun	Etnedal kommune  Kommentar/ kostnad: 15000 – spleis kultur/bibl.



## Valdres Hytte- og Byggservice AS

Etneidal bedriften Valdres Hytte- og Byggservice AS ble etablert i 2014. Bedriften har hatt en svært god utvikling, og har gjennom disse ti årene gjennomført mange oppdrag for både private og bedrifter. De tilbyr et bredt spekter av tjenester. De bygger det meste; hus, leiligheter, hytter, setter opp fjøs, garasjer og andre uthus/tilbygg og er behjelpelege med rehabilitering av eksisterende bygg, for å nevne noe. Oppdragene ligger hovedsakelig i dagpendleravstand til Etneidal, noe som også

gjør det praktisk å kombinere med familieliv. I samarbeid med andre lokale bedrifter har de mulighet til å organisere hele, nøkkelferdige prosjekt med alt fra tegninger, søknadsprosesser, grave- og betongarbeiter, tømrer, rørlegger og elektriker mv.

De er godt kjent lærebedrift og har hele tiden hatt stort fokus på å tilby lærlingeplasser. Det er meget positivt! Fem lærlinger har så langt fått sitt svennebrev gjennom læretid i bedriften. To lærlinger er i læretid nå. De er i dag åtte lokale personer tilknyttet bedriften, og jeg møtte fire av dem en fin maidag på arbeid i Fjellsbygda. Jeg opplevde en meget dyktig og godt sammensveiset gjeng, som også legger mye vekt på



**Fire gode representanter for Valdres Bygg og hytteservice AS; Joachim Sveen, Thomas Hestekind, Kenneth Storsveen og Henrik Kompen.**

det sosiale i tillegg til det faglige. Årlig sommerfest og julebord på Kielferga er tradisjon i bedriften.

Jeg er imponert over hva Valdres Hytte- og Byggservice AS bokstavelig talt har bygget opp, også til inspirasjon for andre. Det er flott å se at man griper mulighetene som ligger i det lokale markedet, samarbeider tett både internt og eksternt og bidrar til rekruttering både til bedriften og bransjen generelt gjennom å tilby lærlingeplasser.

Valdres Hytte- og Byggservice AS har god kompetanse og leverer solide både små og store prosjekter. Bedriften skaper også til positive ringvirksomheter i lokalsamfunnet ved at de på en forbilledlig måte samarbeider med andre lokale bedrifter. Vi er mange som heier på dere. Masse lykke til videre!

Linda Mæhlum Robøle  
Ordfører

### Bruflat kafé

Mange gledar seg over at kaféen er open att etter sommarstenging.

#### Opningstider:

Tysdag 9-14

Onsdagar 9-16 (Middagsservering frå kl. 14)

Torsdag 9-14

**Eit populært tiltak; Nina Moland tilbyr middag kvar onsdag frå kl. 14.**

I tillegg er det mykje godt i disken, både mindre måltider og litt søtt til kaffen.

**Marit prest**



### Alle er gode til noe

Noen har lett for å lære  
er flinke i teori.  
Andre er bedre i praktiske fag,  
der de har mer å gi.

Noen er flink til å strikke,  
andre kan springe fort.  
Noen kan løse sudoku,  
andre kan jakte hjort.

Noen er flinke til å lytte,  
andre har stor empati.  
Noen sprer mye kjærlighet,  
andre har humor å gi.

*Alle er gode til noe,*  
*ingen er god til alt.*  
*Et samfunn der alle var like*  
*synes meg grått og kaldt.*

*Alle er gode til noe.*  
*Så bra at ingen er lik.*  
*At alle har ulike evner,*  
*gjør menneskeheten rik.*

Heidi Løvdokken

Forfattaren har gjeve oss  
høve til å trykke diktet

### Lett muntert

Denne frodige utlysinga, frå 1914, fann eg  
inni ei bok etter bestemor Julie.


Utlysinga -

#### Lærer søges.

Ikke Maalmand, Avholdsmann, Dranker, Fritænker eller Socialist, da jeg ikke ønsker Børnene paavirket til at faa nogen av disse skavanker, men en rettænkende yngre, frisk, munter og snild Lærer eller Lærerinde, søges fra anstundende 25. aug. eller der omkring til 3 friske, snilde, lærvillige Børn.

29. juli 1914

Snertingdal.



### Det har hendt

Mange sit så lågt  
at dei lyt dyrke  
grasrotlivet.  
vega på gullvekt  
dei nye tankane  
i tida, -  
som løvetanna sprette opp i torve  
og hytte med neven.

*Det har hendt før*  
*at grasrota har sett kjepper*  
*i feilmonterte hjul.*

Kristen Tandberg

### Litt dialekt frå same dal&omegn

Falt – datt  
Fall ho – datta  
Fall ho av – dattata  
Fall ho av att – dattataatt  
Fall ho av att då - dattataattda

Hans Børli

## Gullkonfirmantfeiring - i Nord-Etnedal

Søndag 18. august feira gullkonfirmantane i Nord-Etnedal sitt jubileum, femti år etter konfirmasjons-høgtida 16. juni 1974. Dei starta feiringa med guds-tjeneste i kyrkja, før dei var samla til middag og kaffe i Bruflatlie 30.

Mange minne vart delt frå lesingar, «overhøyring» og konfirmasjonsgudsteneste med Eide, vidare frå skuletida og livet elles.



**Gullkonfirmantane  
i Nord-Etnedal  
kyrkje, vel 50 år etter  
konfirmasjonsdagen.  
Foran: Bjørg Steinsli,  
Marit prest, Anne  
Marit Hellandshølen.  
Bak: Ruth Hagaseth,  
Oddvar Bergsbak-  
ken, Sigrun Bråthen  
Døvre**



**Frå konfirmasjons-  
dagen 16. juni 1974.  
Foran: Bjørg Steinsli,  
sokneprest Nils Eide,  
Anne Marit Helland-  
shølen. Bak: Anne  
Marie Løvlie Meyer,  
Ruth Hagaseth,  
Ingrid Øyen, Sigrun  
Bråthen Døvre, Odd-  
var Bergsbakken**

## Og - i Bruflat

Konfirmantane i Bruflat sokn feira gullkonfirmantju-biléet 8. september i Bruflat kyrkje.

Dei vart ikkje konfirmerte i kyrkja 9. juni 1974. Bruflat kyrkje var midt i ei omfattande restaurering 1974-1975, så dei vart komfirmerte på Bruflat menighetshus, som då fungerte som interimskyrkje. (Og låg

der søndre del av Etnedalsheimen er lokalisert no. Huset vart flytta/delvis bygd nytt på tomta der det står i dag, i 1992)

Etter gudstenesta feira gullkonfirmantane dagen på nye Bruflat menighetshus.



**Frå jubileumsfeiringa 8. september 2024. Foran:** Torild Bratteng Bergum, Anne Guro Lunde, Marit prest, Kirsten Bergene Tjørn, Åse Åmodt.  
**Midtre rekke:** Anne Berit Nysveen, Marit Solstad, Eva Bruflat Engelen, Bodil Paulsen Gustavsen, Håkon Brusveen  
**Bak:** Terje Storengen, Harald Espelien, Arild Røbergshagen, Erik Engelen



**Frå konfirmasjons-dagen 9. juni 1974 .**  
**Foran:** Kari Bjørnøde-gård, Torild Bratteng, Anne Guro Lunde, sokneprest Nils Eide, Gunvor Marit Huset, Kirsten Bergene Tjørn, Åse Åmodt.  
**I midten:** Anne Berit Nysveen, Signe Ada Åmodt, Marit Solstad, Eva Bruflat, Bodil Paulsen, Finn Morten Byfuglien  
**Bak:** Terje Storengen, Harald Espelien, Kåre Bergeid, Arild Røberg-shagen, Kjell Gunnar Huset, Erik Engelen, Håkon Brusveen.

## Dåpshøgtider



**Nord-Etnedal kyrkje laurdag 27. juli.** Jørn Langfeldt Fauske vart døypt i Nord-Etnedal kyrkje laurdag 27. juli. Frå venstre foreldra Sabrina Longfeldt Hjort og Jon Erik Fauske saman med storesyster Jenny og dåpsbarnet. Til høgre står fadrane Marius Hjort og Henning Byfuglien. Foto: Marit prest



**DØYPT**



**Bruflat kyrkje**

Vetle Rotnes-Larshus  
Lars Berg

30. juni  
4. august

**Nord-Etnedal kyrkje**  
Jørn Longfjeld Fauske

27. juli

**DØDE**



**Bruflat**

Ole Erik Tandberg 15.07.24  
Ola Lunde 22.07.24  
Inger Borgny Øverli 30.07.24

**Gravferd**

26.07.24  
i Sande kirke  
02.08.24  
09.08.24

**Nord-Etnedal**

Anne Tuft 21.06.24

**Gravferd**

04.07.24



Vetle Rotnes-Larshus vart døypt 30. juni 2024 i Bruflat kyrkje. Aurora Garstad Rotnes-Larshus og Jonas Holen Rotnes-Larshus, med dåpsbarnet Vetle. Storebror Isak og Marit prest. Foto: Laila Sveen



Lars Berg vart døypt 4. august 2024 i Bruflat kyrkje. Venstre faddar Karen Ragnhild Kleiven, storebror Iver, Foreldra Mari Beate Kleiven og André Berg med dåpsbarnet Lars. Maren Berg og Helle Berg. Foto: Marit prest

# VEL MØTT TIL GUDSTENESTE



## 29. september – 19. søndag i treeiningstida

*Preiketekst: Joh. 7, 14-17*

- Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til IKO

## Søndag 6. oktober – Inga gudsteneste i Etnedal

### Søndag 13. oktober –

### 21. søndag i Treeiningstida

*Preiketekst: Luk. 16, 19-31*

- Kl. 11.00 Storfamiliegudsteneste.  
Solveig Grandhagen og  
Anne Marit Høsteland  
Konfirmantpresentasjon.  
«Mannskapet» fra Lillehammer/  
Øyer deltek.  
Takkoffer til TV-aksjonen  
(Barnekreftforeningen)

### Søndag 20. oktober –

### 22. søndag i treeiningstida

*Preiketekst: Joh. 12, 35-36*

- Kl. 11.00 Nord-Etnedal kyrkje. Nattverd.  
Takkoffer til TV-aksjonen  
Kl. 13.00 Bruflat kyrkje. Dåpsgudsteneste

### Søndag 27. oktober – Bots- og bededag

*Preiketekst: Luk.18, 9-14*

- Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Familiegudsteneste  
med utdeling av 2- og 4 årsbøker  
Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet.

### Søndag 3. november – Allehelgens dag

*Preiketekst: Joh. 11, 1-5.33-38*

- Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Minnegudsteneste.  
Nattverd  
Kl. 19.00 Nord-Etnedal kyrkje.  
Minnegudsteneste. Nattverd

### Søndag 10. november –

### Inga gudsteneste i Etnedal

## Søndag 17. november –

### 26. søndag i Treeiningstida

*Preiketekst: Joh. 9, 24-33*

- Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Sjømannskirkessøndag.  
Takkoffer til Sjømannskirken

## Søndag 24. november – Domssøndag

*Preiketekst: Matt.25, 1-13*

- Kl. 11.00 Bruflat kyrkje. Nattverd. Takkoffer til  
Diakoniarbeidet i kyrkjelyden.

## Søndag 1. desember – 1. søndag i advent

Kl. 16.00 Bruflat kyrkje. Lysmesse. Fakkeltog,

Julegrantenning.

Serveringa i kyrkja –

julekviss i ord og toner

Takkoffer til Søndagsskulen i Norge

## Søndag 8. desember – 2. søndag i advent

Kl. 16.00 Nord-Etnedal kyrkje. Lysmesse.

Takkoffer

Kyrkjesaft og -kaffe.

*Du som är over oss,  
Du som är en av oss,  
Du som är –  
ochså i mig,  
må jag bereda vägen for dig.*

Dag Hammarskjöld

*Jeg tror på styrken i varme tanker  
fra gode mennesker som vil oss vel.  
Å om vi kunne bli mot hverandre  
Som helst vi ville det mot oss selv*

Ingeborg Flood

**Lyskapellet på Beitostølen  
Troens dør og håpets bue**



Foto: Marit prest

**Land Trykkeri as**



- få det trykt i Land du også!

LT@landtrykkeri.no